

Optimismen rår

Storvøle på Ørsta bedehus.

Tekst: Hjørdis Almelid Vikenes

Søndag 30. august baud Ørsta Indremisjon inn til samlingsfest på Ørsta bedehus. Denne gongen hadde den årlege festen eit litt anna innhald enn det tradisjonelle. I samband med at bedehuset har gjennomgått ei fleirårig storvøle, markerte indremisjonsstyret det med å invitere dei ansvarlege fagfolka frå ombyggingsarbeidet til festen. Dei hadde med seg framtidretta gåver til bedehuset.

Leiar i Ørsta Indremisjon, Hjørdis Almelid Vikenes, var festleiar. Ho ynskte velkomen til ein nyoppussa storsal etter at ØB Brass hadde opna festen med flott musikk. Salen var festpynta med mange flotte blomeoppsatsar laga av Hilde Karin Myklebust.

VARMT MOTTEKEN

- Det er faktisk Møre-Nytt som har skulda for at eg no har «enda mine dagar» som indremisjonsleiar. Eg vart som journalist sendt for å dekke eit Alphakurs i førre årtusen, og indremisjonsfolket i Ørsta tok så godt i mot meg at «dåkke he» no fått slite med meg sidan, innleia Almelid Vikenes, og oppmoda folk om gå Alphakurs.

Gunhild Theodorsen Moltubak fortalde så litt om Måndagsklubben på bedehuset, eit samarbeidsprosjekt for born og unge som Ørsta Indremisjon og Ørsta kyrkje driv i lag.

EIT KULTURHUS

Matias Austrheim heldt festtalen. Han og kona Jorunn er naboar til bedehuset og har sett



Leiar i Ørsta Indremisjon, Hjørdis Almelid Vikenes, takka Ivar Aambakk (midten) og Anders Digernes for det flotte arbeidet dei har gjort i samband med oppussinga av bedehuset. (Foto: Laila Vikenes)

ombyggingsarbeidet på nært hald lenge.

- Ein dag for ikkje så lenge sidan forsvann alle stillasa, og no er vi her og feirar dette huset, vigsla til Guds ære og til gagn og oppbygging for alle som brukar huset. Vi seier: Gud, la di velsigning kvile over dette hus. Første gongen eg var inne i Ørsta bedehus var 23. august 1986. Den dagen vart eg innsett som sokneprest i Ørsta. Kyrjekaffien på bedehuset etterpå imponerte meg, så eg minnest det like klårt den dag i dag: Knut (Ose) på tubaen, Nils (Ose) på bassen og Bård (Dahle) på flygelet spelte Hymn to the freedom. Slik var og er Ørsta bedehus eit kulturhus med kor og korps og song og musikk, som har vore og er eit sterkt vitnemål om skapande og kulturbyggjande kristentru, understreka Matias

Austrheim i talen sin.

Han merka seg at restaureringa starta med ny drenering og grunnarbeid, med sikring av fundament under bedehuset. Han la elles vekt på at ein framleis treng både bedehus og kyrkjer.

Etter talen fekk forsamlinga fin song av Janne Nordal og med flott tonefølgje av Elisabet Stave ved flygelkrakken. Mangeårig styremedlem i Ørsta Indremisjon, Vidar Mørk, heldt eit innhaldsrikt attersyn der folk fekk høyre små riss av bedehushistoria i Ørsta understøtta av ein lysbildepresentasjon med både eldre og nye foto.

KREVJANDE OPPDRAG

Arkitekt Anne Kristin Apelsesthaug hjå Ag plan og arkitektur har vore

innleigd i ombyggingsprosessen.

Ho kunne diverre ikkje delta på samlingsfesten. Sweco AS ved Anders Digernes og Ivar Aambakk frå Ivar Aambakk AS vart intervjuva av festleiar og dei fekk fortelje litt om korleis storvølearbeidet hadde føregått.

- Eg vil takke for oppdraget med renovering/oppussing av Ørsta bedehus. Oppdraget har vore krevjande, men spanande der vi også har hatt utfordringar med været. Samarbeidet med byggjenemda og Anders Digernes har vore svært godt og vi har hatt konstruktive møte gjennom byggjeperioden. Vi ønskjer dokke lukke til med bruken av huset, sa Ivar Aambakk, før han overleverte fleire nye kasserollar frå Sweco AS, Ag plan og arkitektur AS og Ivar Aambakk AS.

Høst og innhøsting!



Johan Halsne
Krinsleiar Sunnmøre
Indremisjon

I den delen av verden som vi lever i har vi fire markerte årstider. Hvilken årstid vi velger som favoritt er forskjellig fra person til person. Muligens er det slik at de aller fleste liker sommeren best. Men du vil finne de som liker andre årstider bedre. Der er noen som ser ekstra fram til høstmånedene. Det er de som liker å jakte både på sjø og land, de som liker å plukke bær og sopp, og de som i vår sådde med håp og forventning til å kunne få gode resultater når høsten kom.

HØST ER TID FOR Å HØSTE!

Det du sådde eller satte i jorden i vår, er det nå tid for å høste. Det som var blomst på et frukttré er nå moden frukt. Det korn som ble lagt i jorden er det nå tid for å høste inn. Forhåpentligvis har det vært en sommer med gode vokster som gir gode avlinger! Og høste må en gjøre FØR vinteren kommer!

Også i Guds rike er det en tid for å så, og en tid for å høste.

Jeg tror vi alle er enige om at der i vårt land har blitt sådd mye, mange plasser, av det korn som har en spireevne som er 100%.

Trofast har personer brukt mange år av sitt liv med å så Guds ord til både barn, unge og voksne. Det er en gjerning og tjeneste som vi aldri kan måle verdien av her i tiden. En dag i evigheten vil vi først fullt ut se fruktene av det arbeidet.

La oss i dag minne hverandre på å høste der vi har sådd i Guds rike!

Vi leser i **Johannes evangelium. Kap.4:35»Sier ikke dere at det ennå er fire måneder, og så kommer**

høsten? Se, jeg sier dere: Løft deres øyne og se markene, de er alt hvite til høst!

Jeg tror at vi er mange som kjenner på at der er et misforhold mellom det som har blitt sådd i Guds rike, og det som høstes inn? Hvorfor er der så få som blir frelst når der har blitt sådd så mye i barne- og ungdoms hjerter opp gjennom årene?

Jeg tror vi må i mange situasjoner tenke annerledes om det å høste i Guds rike enn det vi før har gjort. Det er ikke slik at vi alltid må ha en spesiell møteform og møteplass for å oppleve innhøsting for Himmelen. Det trenger heller ikke å være den eller de predikantene som må være til stede.

Faktisk kan det være slik at du som har sådd trofast gjennom mange år, denne høsten, kan være redskap til å høste inn!

Muligens har vi tenkt og vurdert slik som personer rundt Jesus gjorde

Høsten er der fremme, ikke nå!

Jesus sier: **høsten er nå!**

Be om både visdom, utrustning og frimodighet til være med å vinne mennesker for Jesus denne høsten!

Vi leser i **Jer.8:20» Innhøstingen er forbi, sommeren er til ende, men vi er ikke frelst»**

Vi er takknemlig til Gud for alle som har blitt frelst opp gjennom årene, men fremdeles er der mange vi må høste inn før det blir for sent!

Lykke til!

« - Jesus sier: høsten er nå! »

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmøre
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255
Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211
Daggry barnehage
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682
Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287
Møre barne - og ungdomsskule Skodje
Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796
Møre barne - og ungdomsskule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56
Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no
Radio Sentrum
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no

Stranda og omegn får lokalradio på ny

Radio Sunnmøre, Radio Nordvest og New Life – også kalt FM101- samarbeidet – har fått konsesjon til å sende lokalradio via FM til Stranda, Sykkylven, Hellesylt og omegn.

Tekst: Radio Sunnmøre
Foto: Heimemisjonen

Etter at Radio Storfjord gjekk konkurs og måtte legge ned har Stranda og områda rundt ikkje hatt lokalradio. No har FM101 samarbeidet – Radio Sunnmøre, Radio Nordvest og New Life – fått tildelt konsesjon i området og håpar å starte sendingane på FM før jul.

- Vi må aller fyrst setje opp sendestyreret og få det tekniske på plass. Men dette håpar vi vil skje så snart som råd, fortel dagleg leiar i Radio Sunnmøre, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

- Vi har planar om å programmate sendaren som skal stå i det nye konsesjonsområdet med dei programma vi tre radioane allereie sender døgnet rundt på FM101 i Ålesundsområdet. Og vi håpar at vi får nye lyttarar i Stranda og omegn så snart som råd er, legg Vartdal Espelund til.

NYE LYTTARAR

Frå september 2015 til desember 2016 har Radio Sunnmøre saman med Radio Nordvest og New Life fått konsesjon til å sende i området, som er Sykkylven, Stranda og omegn.

- Teknisk komite er i full gong med å planlegge kvar sendarane skal stå slik at vi får glede endå fleire lyttarar med våre sendingar, også i Stranda og omegn, seier Vartdal Espelund.

- I fyrste omgong vil nok Stranda få glede av sendingane forhåpnetlegvis før jul. Deretter skal vi jobbe med å



Samarbeidet, Radio Sunnmøre, Radio Nordvest og Radio New Life, har fått konsesjon for Stranda, Sykkylven, Stordal, Nordal, Eidsdal og Valldal. (f.v) Haakon Nilsen – dagleg leiar for Radio New Life, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund – dagleg leiar for Radio Sunnmøre, og Svein Vernes – ansvarleg redaktør for Radio Nordvest.

nå Norddal, Valldal, Eidsdal, Stordal og Hellssylt, slik vi tilslutt får sendt i heile vårt nye konsesjonsområde, legg Vartdal Espelund til.

- Vi arbeider med å få kontaktpersoner i det nye konsesjonsområdet, så dersom nokon ynskjer å ha besøk av oss for å fortelje meir om radioarbeidet er det berre å ta kontakt, legg Vartdal Espelund til.

FM IKKJE OVER

Det har lenge vore sagt at FM skal slukkast i 2017, og at DAB skal ta over. Dette gjeld ikkje for lokalradioane som er på FM på Sunnmøre.

- Det at FM skal slukkast i 2017 gjeld berre for dei statlege og dei større regionale sendingane. Lokalradioane rundt om i landet får halde fram så lenge at DAB

ikkje er bygd ut for lokalradioane sine sendingar. Dette gjeld også her på Sunnmøre, så vi som driv med lokalradiosendingar på FM får halde fram foreløpig i fem år lenger enn til 2017, fortel Vartdal Espelund.

- Eg brukar å anbefale alle som skal kjøpe seg radio å kjøpe ein som

både har FM, DAB og Webradio, så er ein sikra til å høyre oss uansett. På webradio er vi mest stabile, så skulle ein mangle FM og DAB, så er det å lytte til oss via internetradio å anbefale på det sterkaste, legg Vartdal Espelund til.



Største KonFu-kull noen gang

Det har aldri vært flere konfirmanter i KonFU på Sunnmøre noen gang. Denne høsten er det 27 konfirmanter som velger å undervises av Sunnmøre Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband.

Tekst: Eivind Landro
Foto: Eivind Landro

Høsten er kommet med alt hva det innebærer, og for Ungmisjon Sunnmøre innebærer det at det kommer et nytt kull med konfirmanter. Dette året er vi hele 27 konfirmanter, det største kullet noen gang på KonFu. Det er veldig kjekt for oss som driver arbeidet å se at mange har lyst til å være med på vårt opplegg.

Og selv om det kanskje ikke er lov å si i dag, så er vi faktisk stolte over konfirmantopplegget vårt. Vi synes vi har noe veldig bra å tilby konfirmantene, og vi opplever at kombinasjonen med fokus på det sosiale blandet med ekte og relevant undervisning fungerer veldig bra.

Vi startet denne konfirmanttiden som vi alltid gjør, nemlig med en bli-kjent weekend. Vi reiste til speiderhytta på Ørskogfjellet i nydelig vær

som varte hele helgen, noe som er praktisk når 27 konfirmanter og syv ledere skal være sammen på et lite inneområde.

Det var en intens og innholdsrik weekend som med mye sosialt som brettspill og lek, capture the flag klokken 2300 ute i naturen, teambuilding og undervisning.

Rett og slett en veldig bra start på KonFu -året!

Det må sies at det er en utrolig flott gjeng med

konfirmanter i år også. Vi er utrolig privilegerte som får være med på å gi dem det beste vi har.

Så til deg som leser dette: Vær med å be for KonFu. Be om at konfirmantene får en god konfirmanttid, at de får se mer av Jesus og hvem de er i ham, og at de kan ta et bevisst valg om å følge ham og leve for han.



Orrenesleikane 2015

Den siste helga i september gjekk haustens store begivenheit av stabelen på Orreneset Misjonssenter.

Tekst: Eirin Algrøy Nybø
Foto: ImF Ung Sunnmøre

OL-ild, bogeskyting, hoppetau og terrengløp, OL-sending, leirfest og pokalar er nokre stikkord frå helga. Det var stor deltaking under leikane, alle dei 42 deltakarane gav alt dei hadde under dei innleiande rundane laurdag. Det var godt

med regnvatn som kom ned til tider, men deltakarane let seg ikkje påvirke av dette. Der var god steming heile helga til endes. Søndag var den store finaledagen, der det skulle kårast ein samanlagtvinnar. Alle, både leiarane og

deltakarane var ivrige med heinga under finalane i dei ulike greinene. Vi var heldige som hadde med Randi Fagerhol Lauvås som talte om ulike heltar i Bibelen.



Barnegospelfestivalen 2016



23.-24. januar er det duket for ny Barnegospelfestival på Brusdalsheimen. Tre fra Team Sulebakk blir med oss denne gangen. Alle barnekor med barn i alderen

2. klasse og oppover er velkommen til en fantastisk opplevelse og inspirerende helg. Mer informasjon blir sendt til korledere på Sunnmøre.

Radiomesse

i
Ålesund Bedehus
Laurdag 7. november

Kl. 11.00 - Minikoret frå
Ellingsøya

Kl. 14.00 - Sulagutane og
Apell v/Randi Fagerhol Lauvås

Salsvarer/Loddsal/Matsal/Tombola

Radio Sunnmøre

JULEMARKED

i Vikakroken

27.-28. november

Til inntekt for Brusdalsheimen

Julekaker, lefser, gjærbakst, syltetøy, saft, syltaflesk,
søst, sild, juledekorasjoner, handarbeid, m.m.

Kan du hjelpe oss med varer eller hjelpe til under
marknaden? Ta kontakt med oss:

Brusdalsheimen 70 27 45 53 / 915 17 783



POLYFORM

60

1955-2015

TUSEN TAKK

til deg som blei ny fastgiver eller
auka gåvebeløpet i tidsrommet
juni - september.

Den heldige vinnar av
reisegåvekortet:

Jostein Kjell Standal, Ålesund

Sunnmøre Indremisjon
Radio Sunnmøre

REISERUTER

Hausten 2015

JOHAN HALSNE: 15.-18.10:

Emblem, 17.10: Hundeidvik, 19.10:
styremøte, 20.-25.10: Mosby,
26.-27.10: Syvde/Eidså, 28.10:
Gamlem, 12.-15.11: Remøya, 18.-
22.11: Tennfjorden, 22.11: Østre
Ellingsøy, 23.11: styremøte, 26.11:
Østre Ellingsøy, 29.11: Sykkylven
bhf., 06.12: Storsamling Borg, 14.12:
styremøte

KJELL FURNES: 15.-18.10: Volda,

25.10: Ø.Ellingsøy, 03.11: Emblem, 17.-
22.11: Vigra, 03., 04. og 06.12: Alnes,
13.12: Godøya,

HILDE GJENGEDAL: 23.-25.10: Valle,

07.11: radiomesse, 09.-18.11: Våborg
(hjelpesending), 22.11: Godøya,
06.12: Borg storsamling, 13.12:
Sykkylven bhf.

GUÐRUN LONGVA: 23.-25.10: Valle,

07.11: radiomesse, 09.-18.11: Våborg
(hjelpesending), 22.11: Godøya,
06.12: Storsamling Borg, 13.12:
Sykkylven bhf.

ANBJØRN WALDERHAUG: 19.-22.11:

Skodje/Sjoholt, 26.-29.11: Godøya,

ODDBJØRN BRUNSTAD: 08.11:

Godøy

KARL ARNE AUSTNES: 15.11:

Sykkylven

STÅLE TØNNESEN: 30.10-01.11:

Hjørungavåg

HELGE DIMMEN: 11.11:

Follestaddalen

SOLFRID ULSTEIN RIISE: 28.10:

Åmdal

ANNBJØRN OG KÅRE

SÆVAREID: 06.-08.11: Giske

ROBERT UGGEDAL: 16. og 18.10:

Søvik/Gamlem, 12.11: Lepsey,
25.11: Åmdal,

ODD CHRISTIAN STENERUD:

08.11: Ulsteinvik

INGBJØRN VINGEN: 10.-11.11:

Kvalsvik, 22.11: Ålesund Bedehus

MARIT STOKKEN OG IRENE K.

ALNES: 14.-25.10: Fellesaksjon i

Giske Kommune

LEIF NESHEIM: 04. og 05.11:

Ålesund, 06.-08.11: Gjersvika

LARS ERIK NESSETH OG PAUL

EIKREM: 13.-15.11: Sula (Solevåg/

Mauseidv/fiskerstrand),

KÅRE MAGNE REMMEN: 16.-

18.10: Sula